

Lindås kommune

Eikanger 26.06.2015

Teknisk drift

5914 ISDALSTØ

Ref : Atle Dingen

## **SØKNAD OM OVERFØRING AV PRIVATBYGT VASS- OG AVLØPSANLEGG EIKANGER – LID TIL KOMMUNAL EIGE OG DRIFT**

### **SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT TIL BYGGING AV SAME ANLEGG**

Det vert vist til fleire møter om saka og innsendt plan frå rørleggjar . Søkningen gjeld hovudanlegget som er vist med grøn farge på plankartet . Saka er no komen så langt at interesse frå aktuelle deltakarar og andre forhold tilseier at det er realistisk å gjennomføra planen.

Me søker difor om at kommunen overtar ferdig hovudanlegg til eige, drift og vedlikehald i samsvar med vanlege vilkår.

I møte 11.juni vart det vedtatt å stifta eit sameige mellom aktuelle brukarar som skal stå for utbygginga. Sjå vedlagte møtereferat og protokoll.

Med eit anleggsbidrag på kr 60.000 frå kvar deltakar er det no påmeldt tilstrekkeleg antal til å finansiere halvparten av byggekostnadene for hovudnettet frå Eikangervågen til Lid ( Myr grense). Totalkostnaden for dette anlegget er på grunnlag av fast pristilbod frå rørleggjar og diverse tilhøyrande administrative kostnader er rekna til kr 4.950.000 eks mva . Usikkerheit ved sluttkostnaden er stort sett berre avhengig av mengde fjell elle rein gravegrøft ein møter, og kan variera noko opp eller ned.

Me søker med dette om kommunalt tilskot på 50 % av slikt kostnadsbudsjett til restfinansiering.

Eventuell oppdimensjonering til ein kapasitet som oppfyller målsetjingar i eit vidare perspektiv for vassverksutbygginga i Lindås kommunen er ikkje medrekna, men kan som kjent gjennomførast mot tilbydd tillegg. Me antar dette vert etter avtale direkte mellom kommunen og rørleggjar.

Sameiget har valgt Lindås Rør og Sanitær som totalleverandør for hovudleidningane.

Nordhordland Revisjon vert nytta for innmelding av sameiget til Brønnysundregistera, levering av rekneskapstenester , mva-oppgjer og årsoppgjer.


Det er gjort avtale om bruksrett til grunn for hovudnettet med dei fleste grunnegrunneigarar på fastsett formular.

Byggemelding er planlagt innsendt frå Sameiget i slutten av juni og vil omfatta alle tiltak som er vist i planen både for kommunal overtaking og reint private anleggsdeler.

Me håpar Lindås kommune framleis er positive til tiltaket og vil innvilga søknaden.

Venleg helsing

For Sameige Eikanger Vassverk



v/ Ivar Eidsheim

Adresse : Nedre Eikanger 62, 5913 Eikangervåg

Tel 91661261, e-post [ivareidsheim@gmail.com](mailto:ivareidsheim@gmail.com)

Dokumentet vert sendt som både e-post og signert papirformat i eigen sending.

Dokument referanse :

- Kartplan frå rørleggar dagsett 15.6.2015. Oversendt til kommunen e-post 16.juni
- Møtebok og protokoll frå stiftingsmøte for Sameige Eikanger Vassverk som vedlegg til e-post

Kopi som e-post: Lindås Rør og Sanitær v/ Leif Nevdal  
Nordhordland Revisjon v/Reidar Bjørsvik